



Geir Rusten – har sjølv flytta inn i Uskedalen Brygge. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalen må no få ein reguleringsplan for sentrum som mellom anna opnar for ei gågate ned til sjøen og for utvikling av eit breiare servicetilbod som kan bremsa handelslekkasjen til andre stader. Her ligg det eit stort utviklingspotensiale. Uskedalen Utvikling bør starta arbeidet med ein slik plan saman med kommunen.**

Det meiner mannen bak Uskedalen Brygge. Geir Rusten, som har selt huset sitt på Valen og flytta inn i sitt eige prosjekt i Beinavikjo.

- Kall meg gjerne uskedaling heretter, seier han til uskedalen.no

Han har vorte ein av dei mest entusiastiske Uskedal-patriotane. Det gav han i høgste grad til kjenne under møtet som Uskedalen Utvikling heldt tysdag i gamleskulen i samband med at det no føreligg eit framlegg til reguleringsplan for Beinavikjo-området.

- Uskedalen er eit eventyr, ei bygd med ufattelege mogelegheiter. Den har alt, no gjeld det berre å få budskapen om dette ut i verda, sa Rusten.

Mellom anna slo han fast at ingen andre stader i Kvinnherad har ei så flott hamn som Uskedalen. Her er nokon andre smakebitar av det positive han sa om bygda:

- Uskedalingane har vore flinke til å halde pulsåra i gang medan andre ligg på årene.
- Bygda har eit godt utgangspunkt for å komma vidare.
- Eg brukar Uskedalen som et godt eksempel for andre.
- I andre bygder i Kvinnherad er problemet ofte å få folk til å jobba saman, det ligg heile tida konflikter under og lurar. Slik er det ikkje her.

Prosjektleiar for Bygdeutviklingsprosjektet, Kristian Bringedal , kommenterte slik::

- Mange boligprosjekt er no på gang i Uskedalen. Eit av dei viktigste prosjekta for Uskedalen Utvikling framover blir å profilere staden og få folk til å busetta seg her. Kommunen kjem ikkje til å gjera det, dei har lagt all profilering brakk.

Nokon spesielt kritiske merknader til Beinavikjo-planen kom ikkje fram under møtet. Planen skal om stutt tid opp i det nye forvaltningsstyret, som sender han ut på høyring. Så vil det kanskje ta frå fire til seks veker før planen blir vedteke.

- Når planen er "klubba" vil vi i løpet av eitpar år kunne byggja 25-30 leilegheiter i Beinavikjo, sa Rusten, som til no har selt 12 av dei 21 leilegheitene i det første byggjesteget. I vinter og vår skal han byggja huset som er døypt Sjøhuset, der to av fem leilegheiter førebels er selt.

Bustadene oppå parkeringshusa bak hovudhuset er ikkje selt, men dei vil også bli ferdigstilte i løpet av vinteren og våren.

Desse leilegheitene ville Bringedal betrakta som typiske gjennomgangsbustader for ungdom som eignar seg like godt for utleige som for sal.

Rusten beklaga at det hadde teke så lang tid å fullføra reguleringsplanen.

- Det er forvilt at det skal ta så lang tid å ordna noko som eigentleg allereie er i orden, sa han og la ansvar for forseinkinga både på kommunen og Riksantikvaren.

Ivar Kåre Døssland såg ikkje på den sterke utviklinga på Husnes som negativ for Uskedalen.

- Bygda vår er ein god plass å bu i medan arbeidsplassen gjerne kan vera på Husnes, sa han og UU-leiar Jeanette Guddal var einig: - Det vil drypa også på oss frå Husnes, sa ho.

Av Ola Matti Mathisen



Det har teke lang tid å få reguleringsplanen laga, konstaterer Geir Rusten. (Foto: Ola Matti Mathisen)